

KYRKJELYDSBLAD FOR ETNEDAL



KYRKJE-VÅRDEN

Nr. 2

Sommaren 2018


50 . årgang

God sommar



DEN NORSKE KYRKJA

KYRKJELEGE TILSETTE I ETNEDAL:



KYRKJEVERJE
Marie Bjørnødegård
tlf. 61 12 13 20 / 918 37 011
E-post: mb836@kyrkja.no
Kontortid: Måndag, tysdag, torsdag og fredag 09 - 15



SOKNEPREST
Marit Slettum
tlf. 913 93 314
E-post: ms638@kyrkja.no
Inga fast kontortid, men er ofte innom
Tlf. 61 12 13 22
Opptake ? Legg gjerne att beskjed
Samtale ? Ring og avtal tid
Måndag er prestens fridag




ORGANIST
Serhiy Bykov
tlf. 90 21 29 45
E-post: sb742@kyrkja.no



TRUSOPPLÆRINGSMEDARBEIDAR
Helena Wright
tlf. 951 78 041
E-post: helenals.wright@gmail.com



KYRKJELYDSARBEIDAR
Ellen Oddveig Rudi
tlf. 948 65 195
E-post: er623@kirken.no



SAKSBEHANDLAR
Linda Mæhlum Robøle
tlf. 957 64 900
E-post: lr895@kyrkja.no



KYRKJETENAR
Nils Kjell Nilsen
Tlf. 918 22 336
E-post: nn934@kyrkja.no

KYRKJEKONTORET

Etnedal kommune,
Kyrkjevegen 26, 2890 Etnedal
61 12 13 00 / fax 61 12 13 01

DEI KYRKJELEGE RÅDA I ETNEDAL:



BRUFLAT SOKNERÅD
Kjell Fjeld, leiar
tlf. 404 04 820
E-post: kjell@fjellsbygda.no



N. ETNEDAL SOKNERÅD
Astrid Tollehaug, leiar
tlf. 906 59 921
E-post: astridtollehaug@bbnett.no



**ETNEDAL KYRKJELEGE
FELLESRÅD**
Ole Bergene, leiar
tlf. 950 89 360
E-post: Ole.bergene@hotmail.com

KYRKJEVARDEN

Kyrkjelydsblad for Etnedal
Utgjevar: Sokneråda i Etnedal
Redaktør: Marit Slettum
Fast medarb.: Ingun Kompen

Ekspedisjon:
Kyrkjekontoret, 2890 Etnedal

Bladpengar:
Kr. 200,- eller meir for året
Til adresse utanom Etnedal: kr. 250,-
Bankgiro: 2140 20 14188

Prenta i Land Trykkeri as, Dokka

Oppslagstavla



Bibelordet:

«Lær den unge vegen han skal gå,
så vik han ikkje av når han blir gamal.»
Ordtaka 22,6

Kjære venner av Kyrkjevarden!

Til og med 20.05. hadde 60 betalt sin friviljuge
abonnementsavgift. (ca. 790 er sendt ut)

Portoutgiftene til utanbygds abonnentar er høge,
og det kostar å trykke, så vi vonar fleire vil betale,
elles blir det tynne utgåver mot slutten av året.

Samstundes vil eg takke alle friviljuge, som ved
kvar einaste utgjeving legg Kyrkjevarden i post-
kassene her i dalen, de er gull verdt!

Det sparar oss for mange tusen kroner kvart år.

Takk også til Etnedal sparebank for gåva,
kr. 5.000, og andre friviljuge gåver!

Kontonnr. – Kyrkjevarden: 2140.20.14188

Marit Slettum
redaktør

Forsidefoto: Kirsten Eika Amsrud
Bakside : Måleri av Turid Fossen Nysveen

Sommaropen kyrkje

Bruflat kyrkje er sommaropen
3. juli - 5.august, tysdag-søndag kl. 11-15



SOMMERKONSERTAR

ved organist Serhiy Bykov

Onsdag 4. juli
Onsdag 11. juli
Onsdag 18. juli
Alle dagar kl. 1130 – 1200



Foto: Ingun Kompen

Sommarferie

Sokneprest Marit Slettum
har sommarferie 9. juli – 5. august

Vikar blir primært Sophie Panknin,
som er 27 år og student ved Universitetet i Oslo.

Per Arne Faye, tidlegare prest i Ø. Slidre
har gudstenesta i Bruflat kyrkje 5. august.

Informasjon får du på kyrkjekontoret:
61 12 13 20

Kyrkjeverje Marie Bjørnødegård (918 37 011)
og Servicetorget i kommunen (61 12 13 00)

Leige Bruflat menighetshus?

Kontakt Anne Marit Stensæter, 41 04 74 17

Kristi himmelfartsdag

Tradisjonen tru var det gudsteneste i Svilosen Kristi himmelfartsdag. Dei siste tre åra har vi vore på Blesen, tidlegare har det vore gudsteneste både på Bergstølen, Juven og N. Garastølen.

Sigrun og Kåre Espeseth tok som vanleg gjestmildt imot, etter at Kåre (og bror Kjell) hadde losa oss over ein liten bekk som hadde gått over sine bredder og take med seg litt av vegen nede i jordet.

Det var heilt fullt i stovene då gudstenesta starta, og med glede sang vi «No livnar det i lundar, no lauvast det i li.» Det var bart oppi åsen denne helgedagen, endå snøen lenge låg tung og stor. Det hende eitt år, at vi måtte dragast opp siste bakken med traktor på grunn av snømengden...

Teksten på Kristi himmelfartsdag (2. tekstrekke) var Luk. 24, 46-53 og han sa til dei: «Slik står det skrive: Messias skal lida og stå opp frå dei døde tredje dagen, 47 og i hans namn skal omvendning og tilgjeving for syndene forkynnast for alle folkeslag; de skal byrja i Jerusalem. 48 De er vitne om dette. 49 Eg sender over dykk det som Far min har lova. Men de skal halda dykk i byen til de blir kledde med kraft frå det høge.»

50 Så førte han dei ut mot Betania, og han lyfte hendene og velsigna dei. 51 Og medan han velsigna dei, skildest han frå dei og vart teken opp til himmelen. 52 Då fall dei på kne og tilbad han. Så gjekk dei tilbake til Jerusalem i stor glede. 53 Sidan var dei stadig i tempelet og lova og prisja Gud.



Serhiy organist og Marit prest



Sigrun og Kåre tok gjestmildt imot

Marit prest tala om åndelegheit som generelt fenomen, om åndskampen som pågår mellom vonde og gode krefter, og fokuserte særleg på Jesu barmhjertige og gode kjærleiksgjerning som vart synleggjort då han levde og døydde for oss menneske. Herren Jesus sigra over den onde, og inviterer oss til å stå opp i kampen - for det gode.

Etter gudstensta var det rikeleg med servering og triveleg samvær.

Hjarteleg takk til Sigrun og Kåre for ein fin dag på Blesen!

Marit prest

Pinse



Pinsehelga feira vi høgtidsgudsteneste i Bruflat kyrkje 1. pinsedag og pinsegudsteneste på Brusveen i Smiugardsbygda 2. pinsedag.

Pinsdagen hadde vi ei triveleg gudsteneste med dåpsfeiring, og mange, særleg barna, bidro til eit livfullt og godt fellesskap. Etter gudstenesta serverte konfirmantforeldra Mette Henriksen og Wenche og Tor Gunbjørnsen kyrkjekaffe.



Dåpsbarnet Alexander, saman med foreldra Karianne Rogne og Kristian Bergene, og Marit prest ved døypefonten.



Før dåpsfesten til Alexander ; foreldra saman med fadrane Jostein Bergene, Magnus Evensen, Silje Andersen, Merethe Hagen Reien og Vegard Rogne. Foto: Privat

2. pinsedag på Brusveen

Sola var like strålende, varm og god heile pinsa, så på Brusveen vurderte vi nesten friluftsgudsteneste, men rett før 11 trakk vi likevel inn i det koselege, gamle grendehuset, som i si tid var skule i krinsen.

Forsamlinga sørga for frisk sang og stort engasjement, og pinsebodskapan vart forkynt. Som på aller fyrste pinsedagen, var det Jesus Kristus som var i fokus.

Solfrid Skogstad var tekstlesar, og etter messa serverte Ingebjørg Storsveen og Laila Hestekind kaffe og kaker.

Tusen takk for at de legg så godt til rette for denne gudstenesta kvar pinse!

Marit prest



Solveig Skåren, Astrid Tollehaug, Laila Hestekind og Ingebjørg Storsveen nyt finværet før gudstenesta.



Marit prest var gudstenesteleiar.



Triveleg prat ved kyrkjekaffen Foto: Ragnhild Fagernæs

Under ein open himmel

Av Nils-Petter Enstad, Frelsesarmeen
Tekst: Mark 1,3-11

*Ei røyst ropar i øydemarka:
Rydd Herrens veg, gjer stigane hans rette!
Slik stod døyparen Johannes fram i øydemarka.
Han forkynnte ein omvendingsdåp som gav
tilgjeving for syndene.
Frå heile Judea og Jerusalem drog alle ut til han.
Dei sanna syndene sine og vart døypte av han
i Jordanelva. Johannes gjekk i ei kappe av
kamelhår og hadde eit lærbelte om livet, og han
levde av grashopper og villhonning.
Han forkynnte: «Det kjem ein etter meg som er
sterkare enn eg, og eg er ikkje verdig til å bøya
meg ned og løysa sandalreima hans. Eg har
døymt dykk med vatn, men han skal døypa dykk
med Den heilage ande.» På den tida kom Jesus
frå Nasaret i Galilea og vart døymt av Johannes i
Jordan. Straks han steig opp av vatnet, såg han
himmelen dela seg, og han såg Anden dala ned over
seg som ei due. Og det kom ei røyst frå himmelen:
«Du er Son min, som eg elsker, i deg har eg mi glede.»*

For mange har uttrykt «under ein open himmel» ein spesiell, og ofte besnerande klang. For mange med ei fortid som speidarar, var slike turar, med overnatting under open himmel, eller kanskje i eit telt eller ein gapahuk, nokon av dei finaste opplevingane dei hadde. Andre har budd under open himmel på grunn av rein naud.



Uttrykket «himmelen opna seg» kan òg opplevast på ulike måtar. Då syndfloda kom på Noas tid, vert det skildra som «himmelslusene opna seg» (1 Mos 7, 11). Når sola bryt gjennom eit skydekke, opplevast dette som om «himmelen opnar seg» på ein heilt konkret måte. Skyene vikar, sola kjem fram og himmelen vert blå.

I denne teksta les vi både om ein røst i øydemarka og ei røyst frå himmelen. Røysta frå himmelen kan vi lesa om tre ulike stadar i evangelia, og han lydde ved tre ulike høve. Men kvar gong han lydde, hadde det med Jesus og hendingar rundt han å gjera.

Det skjedde ved dåpen hans, som i dagens tekst; det skjedde då tre av disiplane var vitne til at Jesus vart herleggjort på eit fjell og det skjedde som svar på eit rop frå Jesus til Faren sin. Kvar gong var det himmelen som opna seg og så talte Herrens stemme.

I verdslitteraturen finst det eitt kjent døme på at det lyder ein røst frå himmelen. Det er i Ibsens skodespel «Brand», og det er stykket sin aller siste replikk. Rollefiguren «Ei røyst» har berre den replikken. Det går eit ras i fjellet som riv med seg den stridbare og kompromisslause presten, og nærast i fortvilning ropar til Gud. Då er det røysta lydar: «Han er Deus Caritatis!» Han er nåden sin Gud.

At Gud er nåden sin Gud tyder at vi òg lever under ein open himmel. Frå ein lukka himmel kjem korkje trøyst eller nåde. Men fordi Jesus kom, er himmelen enno open.

Gudsteneste på Etnedalsdagane

Søndag 1. juli kl. 11 Gudsteneste frå scena ved Samfunnshuset.

Bruflat sangkor deltek, og innimellom gode tekstar og toner, blir det ord for dagen og forbøn ved under-teikna.

Vi bed om forståing for at de må betale inngangspengar for å kome inn på området.

Marit prest



Frå scena ved Samfunnshuset på Etnedalsdagane 2016. Organist Serhiy Bykov, prest Marit Slettum og kyrkjelydsarbeidar Ellen Rudi på gudsteneste 2016. Foto: Ingun Kompen

Etnedalsdagane

2018

31. Juni-1. Juli

ynskjer vi velkommen til:

- Sosialt samvær
- Underhaldning
- Ei spennande og variert utstilling med salg av både lokal mat og håndverk
- Aktivitetar og konkurransar for små og store

Stad: I og ved Etnedalshallen.

Arr: Etnedal Røde Kors Hjelpekorps

17. mai i Etnedal



Dagen startar tidleg for korpsfolk og andre som stiller opp både på Tonsåsen og ved Nord-Etnedal kyrkje for å legge ned krans ved krigsminnesmerka der. I Nord-Etnedal var det Wenche Hillestad Møller som la ned krans, og Lisbet Lyckander Aune, Kåre Espeseth, Bjørg Hagelund, Eva og Knut Nysveen spelte. Omlag 13-14 hadde møtt fram. Foto: Marit prest



Kransepålegging: Ordførar Toril Grønbrekk la ned krans både på soldatgrava og bautaen på Bruflat, her sett frå kyrkjetårnet



Folketoget svingar alltid oppom Etnedalshimmen, i år i strålende flott vårver.



Koralspel frå kyrkjetårnet: Det er tradisjon i Etnedal med musikk frå kyrkjetårnet før gudstenesta i Bruflat kyrkje 17. mai. Frå venstre Per Olav Hovde, Ove K. Arstad, Anne Nora Lekanger, Lill Hege Lillehaug, Eva Arstad og Kåre Espeseth - bak tubaen.



Folketoget i Etnedal: Etnedalsheimen får visitt av korps og kor 17. mai. Koret song før gudstenesta, og korpset stoppa opp og hadde ein liten konsert når folketoget gjekk oppom, her sett frå kyrkjetårnet.



Blåflat gard er passert og folketoget med korps og ordførar Toril Grønbrekk har snart fullført dagens marsj.

Øvrige foto: Ingun Kompen



Korpsmusikk er eit viktig innslag i ein perfekt 17.mai.



Etnedalshistoria: Storarta underhaldande var det då 8. klasse tok for seg blant anna flagget i Madslangrudberget, som vart måla ulovleg til eit bryllup før Noreg var eit sjølvstendig land. Lærar Liv Gjertrud Telstø fekk takk for arbeidet med innhaldet med roser frå elevane.



Serivering til kor og korps: Dei blide damene som sørge for at svoltne kor- og korpsfolk i Etnedal fekk god bevertning, var Beatriz Cano Hestekind og Mezzgin Mukdad.



Aktive 17.-mai-ungar: Ronja Sharaf slær spiker i stubben, og brørne Martin og William Nygaard hadde mange aktivitetar å velja mellom på Bruflat.



Hermela og reserve-bestemor Ingun kosa seg stort på 17. mai.



Konfirmantane fekk mange godord for deltakinga på 17-mai-gudstenesta. Dei ba samlingsbøn, las bibeltekstane for dagen, deklamerte dikt, ba forbøna og lyste velsigninga med veksellesing mellom dei ni klokkeslaga frå tårnet. Her representert ved Sina Byfuglien som las samlingsbøna. Foto: Sonja Mona Syvsersen

Dugnad på kyrkjegarden

Eit sikkert varteikn er dugnad på kyrkjegardane. Bruflat hadde sin dugnad 14. mai, og det vart barmark til 17. mai i år òg, sjølv om det såg litt mørkt ut midt i april ...

Dei fyrst dugnadsarbeidarane var på plass frå tidleg morgon, og fleire tok ei økt før 16, dei var om lag 12-13 att då kaffen og kringla vart servert ved 17-tida.

Takk til alle som trufast stiller opp og sørger for at kyrkjegardane framstår så fine til 17. mai, og dei andre festane i kyrkja utover våren.

Den daglege drifta er kyrkjetenaren vår Nils Kjell Nilsen ansvarleg for, og han får med rette mykje ros for måten han tek vare på kyrkjegardane våre på.

Marit prest



Ola Breien og Engebret Espelien raka til og med muren.



Kristen Nysveen og Odd Bråthen, ei lita pause må ein stundom ha.



Kjellaug Bergene, Helge Lofthus og Odd Bråthen.



Kyrkjeverje Marie Bjørnødegård planta vakre blomar i storkassa vår.



Kyrkjetenar Nils Kjell Nilsen er sentral i alt arbeid som blir gjort på kyrkjegarden.



Leiar i soknerådet Kjell Jørgen Fjeld og kona Anne Lise, tok eit tak etter ein lang dag med sokneråds-saker.

«Onkel Andreas» og eitt av dikta hans

Roald Abel Andersen, av dei eldste generasjonar i Etnedal, bedre kjent som Onkel Andreas, er fødd og oppvaksen i Oslo. Han var motstandsmann under andre verdenskrig og måtte flykte frå hovedstaden. Slik kom han til Etnedal, låg i skjul til krigen var over, og busette seg fast her, på Einbu, ei lite hytte på Ton-såsen.



Minnesteinen på grava til Onkel Andreas

Han var i si tid aktivt med i ungdomslaget, og han skreiv dikt som han tidvis framførte på arrangement i bygda vår. Ein del dikt vart også publisert i avisene Valdres og Oppland Arbeiderblad.

Dei siste åra budde Onkel Andreas på Etnedalsheimen, og han fekk sin siste kvilestad på Bruflat kyrkjegard. Vener i Etnedal sto for gravferda, og Aage Storengen hadde funne ein fin naturstein på fjellet, som er minnestein på grava hans nær sørmuren på kyrkjegarden, mot Menighetshuset.

Forjettelsens døgn

Det er noe eget udefinert ved aftnene sist i april først i mai. De bruker så lang tid på å bli natt. Forresten, ikke til noen riktig natt heller, er mer en spirende skumring bestående av noe følelsesmettet sanseberusende de mørke netter ikke har og for unike, spesielle til å soves bort.

Disse forunderlig, våryre døgn under det nye livs skaperakt i april mai.

Roald Abel Andersen

Glimt frå Etnedal:



Flomstor Etna i Sør-Etnedal
Foto: Unni Klevgård



Juvfossen med stor vannføring
Foto: Mette Bergene, Dokka.

ØNSKEDIKTET

Jeg har valgt meg dette diktet av Jan Magnus Bruheim, synes det passer så godt i den travle tiden vi lever i, hvor vi alle stresser avgårde til neste mål. Tenker det er en liten påminning om å stoppe opp og leve litt akkurat her og nå.

Jeg utfordrer Wenche Rognerud til å velge dikt i neste Kyrkjevarden.

Marte Evensen

Den ansame

Jan-Magnus Bruheim

*Han har ikkje stund til å stogge
og ikkje tid til å sjå.
Menneske som han møter
dei ansar han aldri på.*

*Mangt har han å rekkje over.
Det gjeld um å fara fort.
Mykje var det å gjera.
Det auka dess meir han fekk gjort.*

*Så lid det til endes med dagen.
Han står der, studd over stav
og spør: Kva har livet gjeve
og kvar har det vorte av?*

*Slik jaga han gjennom livet
utan å få det fatt.
Ei glede sprang etter på vegen
men nådde han aldri att.*



Marte Evensen – høgt til fjells

Dyktige damer med bruktmarked

For fjerde året på rad arrangerte Linda Nygård og Nadjijge Kurti bruktmarked i Etnedalshallen. Etter kva dei seier, er dei attende neste vår. Eit kjempebra tiltak, som dei fortener stor takk for!



Faksimale frå avisa Valdres.

Kunstsport ved Turid og Karianne

Dei fyrste dagane i mai hadde Karianne Kay og Turid Fossen Nysveen utstilling på Perrongen på Fagernes. Karianne med ull frå høgst ulikt opphav, i flotte farger, dei fleste reine naturprodukt. Turid med spennande måleri, i abstrakte kombinasjonar med levande, talande uttrykk. To kreative etnedøler, takk for utstillinga!



Karianne Kay og Turid Fossen Nysveen på Perrongen, Fagernes. Foto: Marit prest

MIN SALME

Takk for utfordringen, Liv Sonja Solbrekken.

Jeg velger en salme fra nord, hvor jeg hadde min oppvekst. «Å eg veit meg eit land» ble skrevet av Elias Blix i 1896. Elias Blix ble født på Sandhornøya i Gildeskål, ikke langt fra mitt barndomssted. Salmen kalles også «Barndomsminne fra Nordland», og handler om identitet og nordnorsk lynne.

Da min far døde i fjor høst, sang vi tre av versene i hans begravelse. Det er disse versene jeg har gjengitt her, som et minne om han.

Jeg utfordrer ei kjekk, ung dame, Hanne Kompen, til å velge neste salme.

Å EG VEIT MEG EIT LAND

Å eg veit meg eit land, langt der oppe mot nord.
Med ei lysande strand, mellom høgfjell og fjord.
Der eg gjerne er gjest, der mitt hjarta er fest.
Med dei finaste, finaste band.
:/Å eg minnest, å eg minnest,
å eg minnest så vel dette land./:

Denne heim er meg kjær, som den beste på jord,
han mitt hjerta er nær denne fjetrande fjord.
Å det målande fjell, og den strålande kveld,
hugen leikar, han leikar på deim.
:/Å eg minnest, å eg minnest,
å eg minnest så vel dette heim./:

Å eg lengtar så tidt dette landet å sjå,
og det dreg meg så blidt, når eg langt er ifrå.
Med den våknande vår vert min saknad så sår,
så mest gråta, mest gråta eg kan.
:/Å eg minnest, å eg minnest,
å eg minnest så vel dette land./:



Ingrid Sveen

Misjonsstemne på Skogstadsetra

Søndag 15. juli inviterer Solfrid og Sigurd Skogstad til stemne på Fleten seter. Ernst Jan talar og syng.

Arr.: Norsk Luthersk Misjonssamband.



Ernst Jan Halsne arbeider i NLM sentralt, men er godt kjent i området vårt. Familien har også hytte i Byfuglibygda.

Normisjonsdag i Bruflat kyrkje 2. september

Første søndagen i september har gjennom svært mange år vore Normisjonsdag i Bruflat sokn. Ann Helen Aaslund frå Normisjon preiker, og ei sanggruppe fra Biri deltek.

Etter gudstenesta blir det kyrkjesaft og –kaffe og informasjon om Normisjon



Ann Helen Aaslund kjem til Bruflat kyrkje 2. september

Konfirmantane 2018



Bakerst, frå høgre: Linda Brukås Wold, Alexander Garli, Niklas Storengen, Mari Sirhaug, Mia Kristin Bassett og Marit prest. Foran; frå venstre : Hedda Solbrekken, Shelby Henriksen, Tiril Fjeld Skjelfjord, Atle Gunbjørnsen og Emil Klevgård Slåttsveen. Sina Syvertsen Byfuglien var ikkje til stades då bildet vart take. Foto: Ingun Kompen.

Glimt frå konfirmantturen til Oslo

Ein regntung torsdag i mai sette konfirmantane kursen mot interessante mål i hovudstaden. Første stopp var på Sinsen, hos Norsk Luthersk Misjonssamband, den største misjonsorganisasjonen i Noreg.

Vi fekk eit innblikk i misjonshistoria og – arbeidet i dag, pluss ein videooversikt over kristendommens utbreiing frå apostlane si tid til i dag.

Andre stopp var synagogen i Bergstien. Det gjorde inntrykk på oss å sjå det permanente væpna vakthaldet ved synagogen, men vi vart som vanleg take godt og venleg imot av Anne Cath. Fischer. Ho ga oss eit innblikk i kva det vil seie å vere jøde, jødisk historie, skikkar og tradisjonar, og om jødane sine kår i dag. Vi fekk litt større forståing for våre jødiske røter, for Jesus var jøde, fødd inn i denne tradisjonen, og delar av jødane si heilage bok, Det gamle testamente, er også første del av vår heilage bok Bibelen.

Frå synagogen gjekk fylgjet vidare til Vår Frelasers gravlund og Henrik Wergelands grav, der Solveig Skåren fortalde om dikteren, som fekk så mykje å seie for jødane og deira tilgang til landet vårt. (som var forbode, ifylgje den opprinnelege grunnlova i 1814) Kvar 17. mai legg ungdomar frå det mosaiske trosamfunn ein krans i takksemd på Wergelands grav.

Etter litt fritid, fekk vi eit lite møte med Oslo Domkirke, då var vi med på kvardagsgudsteneste ved Sølvalteret.

Stor takk til Solveig Skåren og Marion Lundstein som var med oss til Oslo.

Marit prest



Anne Cath. Fischer hadde ansvaret for opplegget i synagogen.



Konfirmantane fylgde nøye med.

Kyrkjelydsfest med alvorleg skjemt

Alvoret på kyrkjelydsfesten 9. mars stod årsmeldingar og rekneskap for. Bruflat sangkor song, bevertning og loddsal var som vanleg viktige ingrediensar. Blandinga av alvor og moro stod både Marit prest og Carl Philip prost for, og alle til stades gjorde sitt til at det vart ein fin fest.

Lære noko nytt

Carl Philip innleidde med å seie at då han vart 40 år trudde han at han ikkje kunne lære seg noko nytt. Han var sikker på at foreldra hans hadde vore slike. Men så hadde eigne ungar ikkje heilt sansen for skiturar der ein GJEKK på ski, dei ville berre vera i slålåmbakken eller på snøbrett. Difor måtte han prøve seg på det same, i ein alder over 40 år, og fann det etter diverse problem veldig artig!

Etterpå har den friske Valdres-prosten halde brettkurs for ungar - som straks vart flinkare enn han. Mødregrupper har han også kursa.

Om å tryne

Viktig melding er: Ingen må tru at dei er født verdsmeistrar i noko som helst! Å tryne – fysisk eller i overført tyding - er vondt. Men alle som står på lærer etter kvart. Då blir det moro. Meistring gjev sjølvtilitt, glede og samhald med likesinna. Det er utruleg mykje glede i å lære noko nytt.

Konklusjon

Forsamlinga venta spent på konklusjonen til prosten. Kva med kyrkja i dette slålåm- og snøbrett-biletet? - Folk som ikkje går i kyrkja kan ha mange motforestillinger, sa Carl Philip. - Dei kan ikkje salmane. Har ikkje sangstemme. Veit ikkje når ein skal sitje eller reise seg. Mange seier at dei som går i kyrkja er berre hyklarar! Men då er svaret at det alltid er plass til ein til!

Prosten sa vidare at presten alltid må prøve å gje noko til kyrkjelyden. Då er det ikkje greitt å gjera som for 50 år sidan. Det rører ingen. Samfunnet er i stadig endring.

Fornyng

Alt skal fornyast, seier mange. Det er ikkje som før. Men det skal det heller ikkje alltid vera. Kyrkja er ei gåve til alle, det som skjer i kyrkja er ekte. Med levande menneske i kyrkja skjer det noko tredimensjonalt.

Kva er det å vera menneske?

- Gå ut, dett og slå deg, men reis deg opp att og prøv på nytt, enten det er i skibakken eller elles i livet. Kva er det å vera eit menneske? Kva gjev livet meining? - Til betre vi får det, til meir avstand blir det mellom oss, sa prosten.

- På 15-1600-talet var tilliten mellom folk låg. Dei var redde både dei og det ukjende. Kongen innførte etter kvart kyrkjetyng. Det betydde at folk måtte gå i kyrkja, dei måtte treffe folk og bli kjende. Slik auka tilliten til framande. I Norden er det stor tillit mellom folk. Vi trur til eksempel at politiet vil oss vel. Alle samankomstar aukar tillit.

Å gå til og i kyrkja

- Så gjer vi så nær til kyrkja vi GÅR. Køyr gjerne, men set att bilen og gå deg varm så kroppen er meir mottakeleg for budskapen i kyrkja, sa Carl Philip, som meiner at det er viktig at folk verkeleg GÅR til kyrkja. Han viste bilete frå då han gjekk Valdres rundt før han vart innsett i proste-stillinga. Slik fekk vi også sjå nokre Etnedals-bilete på veggen, og alle fekk noko å tenkje på. Kor viktig det er å gjera noko uventa, lære seg noko nytt, treffe nye menneske og bli gladare.

Tekst og bilde: Ingun



Mange flotte gevinstar: Konfirmantane, frå venstre Atle Gunbjørnsen, Alexander Garli, Emil Slåttsveen, Hedda Solbrekken, Mia Bassett og Niklas Storengen delte ut gevinstar til glade mottakarar. Kasserarane i sokneråda, Steinar Stenseth (Nord-Etnedal) og Liv Marit Sveen (Bruflat) var også med på trekkinga.



Prost Carl Philip Weisser hadde eit allsidig og friskt innslag om snøbrett og kyrkjegang og mykje meir ...



Åresal: Konfirmantane Tiril Skjelfjord og Hedda Solbrekken sel lodd til Kari Wold (med ryggen til) Anne Marit Stensæter og Kristen Nysveen.



Beverting er viktig: Mykje mat og godt var det, syntest Mia Bassett, Atle Gunbjørnsen, Niklas Storengen, Emil Slåttsveen, Alexander Garli og Ola Breien.



Åresalet: Både eldre og yngre kjøpte lodd av konfirmantane, frå venstre Serhiy Bykov, Jon Olav Espeliødegård, Hanna Espeliødegård og konfirmantane Alexander Garli og Niklas Storengen.



Kjøkkengjengen bidreg sterkt til trivsel, her representert ved Torunn Fredriksen, Anne Marie Solbrekken, Liv Marit Sveen, Aud Norun Hagaseth Lie og Steinar Stenseth

INFO FRA KYRKJEKONTORET

På nettsiden: www.kirken.no/etnedal finner dere mer informasjon om oss.

Gravstell

Etnedal kyrkelege fellesråd har i mange år hatt tru- faste medarbeidarar, som har stelt graver for festar, som har oppretta gravlegat. No treng me ein ny.

Vi visar til kyrkjegardsvedtektene § 7 Gravlegat

Festar eller ansvarleg for grav kan, ved å betala ein sum til eit gravlegat, få stelt grava av andre. Kyrkje- verja er legatstyrar. Det blir ført eigen rekneskap med revidering. Fellesrådet fastset ein årleg sum for stell av gravene etter storleik. Fellesrådet kan berekne seg provisjon av administrasjon og revisjon av gravlegata. Gravlegatet kan ikkje opprettast for lengre tid enn festetida, men etter varsel kan legat-summen aukast. Vedlikehaldet vil opphøyre når pengane er oppbrukte. Dersom det er att midlar når grava skal slettast, blir dei brukte til alminneleg pynting av kyrkjegarden.

Kunne du tenke deg å arbeide med dette?

Gravene skal pyntast vår, sommar og haust. Den som steller gravene, må også fylje med i sommar-halvåret for å sjå om gravene er fine.

Dersom dette kan vera noko for deg, ber vi deg ta kontakt med kyrkjeverge Marie Bjørnødegård på tel- efon: 61 12 13 20/ 91 83 70 11 eller e-post: mb836@kyrkja.no



Gravsteiner:

Vi minner om at det er særdeles viktig at alle som ønsker å flytte på eksisterende gravminner/steiner tar kontakt med kirkekontoret. Ved montering av nytt gravminne (samt etter endring av gravminner) skal kirketjener merke opp hvor det skal stå.

Steinselskapene skal alltid sende søknad om oppset- ting av nytt gravminne til Etnedal kyrkelege fellesråd. Vi godkjenner alle gravminner som følger retning- slinjene i § 21 til §26 i gravferdsforskriften (Forskrift til lov om gravplasser, kremasjon og gravferd).

Ordinære åpningstider på kirkekontoret:

Mandag, tirsdag, torsdag og fredag
kl. 09.00 – kl. 15.00.

Vi er få i staben, så ved møter og annen virksomhet, kan kontoret være stengt.

Ta i så fall kontakt med servicetorget i kommunen, som har informasjon om når kontoret åpner igjen. For å være helt sikker på å treffe oss, er det lurt å avtale tid.

Telefonnr: 61 12 13 20

E-post: post.etnedal@kyrkja.no



Info frå lag og foreningar

Info fra Etnedal Frivilligsentral:

Jeg er hovedsakelig på jobb tirsdag, fredag og annen- hver torsdag.

Kari Skogstad
Daglig leder



Etnedal helselag

Jubileumsbok

Etnedal helselag feirar 100års jubileum i 2018, og vil mellom anna markere dette med ei jubileumsbok.

Vi er i «innsamlingsfasen» og veldig interessert i gamle protokollar frå dei ulike krinslaga. Er det nokon som veit om slike protokollar, eller kor dei eventuelt kan finnast?

Bilde

Vi er også interessert i gamle bilde, både frå krinslaga og frå ulike hovedlagsarrangement. Kan de hjelpe oss?

Kontakt i så fall Marit Slettum, tlf. 913 93 314

Etnedal helselag har i 2017 mottatt gaver/tilskudd og gitt gave/støtte til:

Mottatt gave/tilskudd

Etnedal sparebank	kr 5.000,-
Den kulturelle spaserstokk	kr 4.500,-
Fra Etnedal kommune	kr. 10.000 (til Onsdag- streffen)

Gitt gave/støtte til:

FAU v/skolen	kr 5.000,-
Haugalia Vel, innkjøp av krakker	kr 5.000,-
TV-aksjonen, UNISEF Norge	kr 2.000,-
Hoppetaukonkurransen, 4 klasser a 1000,-	kr 4.000,-
Demensaksjonen	kr. 15.000

Elna Kvedalen, kasserar.

Loppemarked Skogtun

Loppemarked på Skogtun 28.- 29.juli og 4.-5.aug. Vi mottar gjerne lopper.

For evt. henting/levering kontakt
Berit Wold, tlf 905 57 901
Ole A. Hovde tlf. 997 05 559

Besøktjeneste - et samarbeid mellom Røde Kors, Etnedal Kommune og Etnedal Frivilligsentral.

Kan du tenke deg å bli med i besøktjenesten vår?? Vi er ute etter både deg som har lyst til å gå på besøk, og deg som ønsker å få besøk.

Høreapparat

Frivilligsentralen selger nå batteri til høreapparat, batteri nr. 13 og 213. 6 stk 35 kr og 12 stk for 65 kr

UtstyrsBUA

I løpet av sensommeren skal Frivilligsentralen åpne «UtstyrsBUA» i Etnedal. Dette vil ligne et bibliotek hvor (hovedsakelig) barn og unge kan låne div. sport og fritidsutstyr helt gratis!

I den forbindelse ønsker vi oss tilbakemeldinger på hva slags type utstyr som kan være aktuelt for deg/ dere å låne.

Dette skal være et tilbud til alle og vi ønsker å sette fokus på at gjenbruk er både miljøvennlig og trendy! Ingen trenger nytt utstyr hele tiden! Derfor kommer vi også til å åpne opp for at vi kan ta imot brukt utstyr som folk har stående hjemme - så sant det er veldig fint brukt! Det vil komme mer info om dette når vi er klare til å ta imot utstyr.

Vi håper UtstyrsBUA vil bidra til økt deltakelse og aktivitet - og til veldig mye moro!!

Dugurd

Det blir Dugurd hver fredag - hele sommeren!

Du er hjertelig velkommen innom for en prat, eller ta kontakt på tlf: 921 32 438 eller e-post: post@etnedal.frivilligsentral.no



Kommune-info

Sjå også Etnedal kommunes hjemmeside www.etnedal.kommune.no

Opning av nytt helsehus

19. mars var ein merkedag for helsetenesta i kommunen vår, det var offisiell opning av det nye helsehuset på Bruflat. Legane, legesekretærene og helsesystemtenesta har no fått gode og tenlege lokale, med eigen ambulanseinngang.
Foto: Tove Grønbrekk



Nye helsehuset, sett frå tårnet i Bruflat kyrkje.



Representantar for brukarane av bygget, kommuneoverlege Tor Inge Kristianslund og vaktmeister Kåre Stubbene.



Tidlegare kommunelege Inger Lyberg fekk ikkje oppleve å bruke nyhuset, men ho fekk æren av å vere med på opninga og sprette blautkaka.



Einingsleiar Aud Bakken ynskte velkomen til opning av nytt helsehus.



Toril ordførar takka Monica Hansebakken og Turid Fossen Nysveen som har bidrage med kunst til nybygget.

Stort frammøte på 8. mai-markering

Rundt 60 deltok på årets markering av frigjørings- og veterandagen i Etnedal. I år var det ekstra fyldig program, fordi vi samtidig åpnet den nye krigshistoriske stien ved Høljarast. Etnedal historielag og andre frivillige har stått for rydding og merking av stien, i tillegg til at de har rekonstruert en maskingeværstilling og en geværstilling. Skoleklassen som i fjor var 7. klasse bidro også i arbeidet med å rydde og merke stien, som går opp ved den gamle Høljarast-brua og til sammen består av åtte poster med informasjonstavler.



Ordførar Toril Grønbrekk klipper snora og åpner den nye krigshistoriske stien ved Høljarast.

Etnedal kommune og Etnedal historielag har fått solid hjelp av oberstløytnant og historiker Knut Werner-Hagen i arbeidet med informasjonstavlene. Ved å gå stien og lese tavlene kan du få innsikt i kamphandlingene ved Høljarst under andre verdenskrig, i tillegg til god trim. Werner-Hagen tok også turen til Etnedal for anledningen, og holdt et spennende foredrag på Bruflat menighetshus etter markeringa på Høljarast. Her var det også servering og mer historieformidling ved Kristian Bergsund og Rolf Tidemandsen. Dugnadsarbeidere ble takket av Ivar Øverlier, som har hatt regien på dugnadsarbeidet.



Oberstløytnant og historiker Knut Werner-Hagen ved informasjonstavlene.

Foto: Kulturkonsulent Nina Grønbrekk Espeseth



På Menighetshuset fortalte Rolf Tidemandsen om egne opplevelser fra krigsvåren 1940 i Etnedal.



Kristian Bergsund delte av sin store kunnskap om krigshistoria.

#Nattinaturen



Frivilligsentralen og Etnedal Aktiv (frisklivssentralen) starter friluftslivets uke med en natt i naturen. :) Bli med og sov ute fra lørdag 1. september til søndag 2. september. I telt eller under åpen himmel. Oppmøte ved Rotvollfjorden. Arrangementskomitéen står klare ca. kl 12. Det blir kanopadling, fiske, turer i området, grilling (vi lager litt spennende mat) og andre hyggelige aktiviteter som bading.

Ta med familien på en hyggelig opplevelse! Vi kan bidra med nødvendig utstyr. Ingen aldersbegrensning :)

Fortløpende påmelding til:
Wendy i Frisklivssentralen – 97488805
Ellen Fysioterapeut – 90890878
Kari på Frivillighetssentralen – 92132438

Internasjonal dag

Det var mykje folk og god stemning då Flyktingetenesta i kommunen og Frivillighetssentralen saman arrangerte Internasjonal dag i teltet på Bruflat. Marte Evensen i flyktingetenesta losa oss gjennom programmet, som starta med eit varmt velkomen og sang ved Mia Bassett til eige gitarakkompagnement. Før rikeleg med matserving, ståande buffet med lekre middagsrettar frå Romania, Eritrea og Syria, nydelege kaker frå Syria pluss svele frå norsk tradisjon, hadde Seniordansen ei spenstig avdeling. Det rykka i dansefoten til fleire enn seniorane då Åge Sogn sin «Eksosrype» runga ut over teltet.



Gode seniordansarar imponerte med sine lette, glade trinn.

Det var eige kaffeavdeling, men å brygge skikkeleg eritreisk kaffe tek litt lenger tid enn våre vanlege metoder, så dei som ville smake måtte tålmodig vente medan prosessen gjekk sin gang. Etter kvart var det fleire nysgjerrige og spente i kaffekøen ...



Shewit Gere frå Eritrea serverte gode, tradisjonelle rettar med ulik krydderstyrke

Einingsleiar Monica Acatrinei hadde ein artig kviss med internasjonale spørsmål, som engasjerte både små og store. Etter ein jamn finale mellom Thea Skogstad Kvernmo og Stian Bøe gjekk Stian til slutt av med sigeren, og vann ein twistpose.

Takk for eit triveleg arrangement, med fargerikt og godt fellesskap, der mat var ein viktig ingrediens, men prat var endå viktigare, -å møtast, bli litt kjende og inkludere kvarandre.

Tekst: Marit prest
Foto: Ingun Kompen



Mohamad Osman Mohamad og Hanifa Dawod er kurdarar frå Syria. Dei serverte nydelege kaker. Begge to arbeidar no på Bakeriet i Bagn. Mohamad er utdanna konditor.



Mange fann vegen til teltet på Internasjonal dag



VALDRES
SOMMERSYMFONI

22. JUNI – 2. JULI 2018

Bruflat kyrkje
Søndag 24. juni
kl. 20.00

”Instrumentene i fokus”



Pierre Xhonneux
(klarinet)



Nana Ozaki
(fagott)



Karol Ciesluk
(kontrabass)

Utøvere: Marianne Thorsen (fiolin), Michael Grolid (bratsj), Ernst Simon Glaser (cello), Jonna Simonsson (fiolin), Ludvig Gudim (fiolin), Inga Våga Gaustad (fiolin), Frida Siegrist Oliver (bratsj), Daniel Thorell (cello)

Program og billetter: www.sommersymfoni.no

Billettpriser: 270,-/ 216,- (venneforening og A-kortet)/ 150,- (student/barn)

Utfordringar frå bispevisitasen

Då det var bispevisitas i Etnedal hausten 2017, hadde biskop Solveig Fiske med følgje nokre utfordringar for vidare arbeid. Det var svært gode tilbakemeldingar om at det meste er på stell i kyrkjelivet i Etnedal, men nokre utfordringar hadde biskopen.

Nyleg var det eit møte med gjennomgang av kva som er gjort og/eller planlagt å jobbe med vidare.



Frå visitasgudstenesta i Bruflat kyrkje 24. september.



Frå gardsbesøket i Øvre Fauske.

Gudstenestetilbodet. Å sjå nærare på kvart sokn sitt lokale årshjul, og om gudsteneste-tilbodet svarar til behov i befolkning og samfunnsniv.

Årshjulet for kyrkjeåret er gjennomgått, og mange er alt involverte i mange gudstenester. Høgtider og gudstenester med trusopplæring får flest folk til kyrkjene. Begge sokna arbeider med å få fleire til å delta.

Å utarbeide ein lokal plan for kyrkjemusikk. Organisten er saman med andre i staben i gang med å laga plan. Kor, korps og kulturskulen er gode samarbeidspartnere.

Sokneråda er bedt om vurdere å ha nokre temagudstenester gjennom året i samspel med lokale lag og foreiningar.

Jeger-messe i september 2019 er planlagt, tanken er at denne messa skal alternere årleg mellom kyrkjene.

Det blir temagudsteneste om engler i Nord-Etnedal kyrkje til hausten. Guro Strande Osnes og Anne Hilde

Øigarden har sagt ja til å vere med.

Bruflat kyrkje har planlagt gudsteneste for psykisk utviklingshemma i november 2018, der det også vil gå ut invitasjon til andre kyrkjelydar i Valdres.

Bruflat sokn er bedt om å vurdere å etablere eit fjell-altar på Lenningen. Komite er nedsett; Kjell Jørgen Fjeld, Ole Bergene, Ingun Kompen, sokneprest Marit Slettum og prost Carl Philip Weisser. Eit komitemøte er avvikla, og ein framdriftsplan for arbeidet er vedtatte. Neste møte blir på Lenningen.

Kyrkjeleg fellesråd er utfordra til å arbeide vidare med universell utforming av begge kyrkjene. Arbeidet er i gang, men det er krevjande for å få til fullgode løysingar for dei aktuelle brukarane.

Å gjennomgå samarbeidet skule-kyrkje og barnehage ut frå gjeldande lov- og planverk. Samarbeid både med barnehage og skule er godt innarbeida, men det blir arbeidd med oppdatering av plan for skulekyrkje og ny formell plan for barnehage-skule.

Fellessrådet er utfordra med å utbetre trappa til tårnet i Nord-Etnedal kyrkje, og nedføring av tau til ringing. Kyrkjetenaren har teikna eit forslag til ny trapp, og nedføring av tau er greitt. Endra trapp krev søknad og godkjenning av bispekontoret.

Kyrkjeleg fellesråd er utfordra med å laga ei skriftleg vedlikehalds-plan i samarbeid med Etnedal kommune. Det har vore møte med kommunen, og ei detaljert plan er venta klar hausten 2018.

Fellessrådet er også utfordra på å få sett i stand eit eigna samtalerom. Prestekontoret er lydisolert og er noko brukt, og eit møterom i etasjen over er ledig. Sidan kommunen må ha eit eige vigselsrom, blir også det tilgjengeleg. Av diskresjonsomsyn er dei fleste samtalerom i dag utanom kontora.

Bruflat sokneråd er utfordra på å arbeide vidare med å avklare og laga skriftlege retningslinjer knytta til tilskot frå Bruflat sokn til fellesrådet. Saka er under arbeid, og eit forslag (Sak 16/ 2018) skal drøftast snart.

Utfordring om plan for stabsmøte med datoar for kvart halvår, slik at alle kan møte. Liste er laga for 1. halvår 2018. Stabsmøte er ca kvar 14. dag, og ofte er det felles matpause.

Utfordring å sørgje for eit årleg møtepunkt mellom sokneråda og staben. Det er planlagt møte 5. juni med Bruflat sokneråd. Julemøte med begge sokneråda og staben er tradisjon, men det er framlegg om å invitere staben til fellesmøte med begge sokneråda i januar-februar, då sokneråda allereide har eit formelt møtepunkt.

Ingun Kompen

Feiring av juniorgjengen i Steinsetbygda

Laurdag 27. mai var det fullsett sal i underetasjen på Bergsbakken grendehus, då Juniorgjengen feira sine fyrste 70 år. I mange år gjekk dei, rett nok, under namnet Steinsetbygda barnelag, og det var «ungar» frå fleire generasjonar samla på festen. Alfred Steinset og Kari Thon stifta barnelaget i 1947, så eigentleg kom feiringa litt seint, men ho kom godt, og Helge Steinset og Olaug Hjelleset (barna til Alfred og Olga Steinset) hørte til fyrste generasjonen i barnelaget. Begge to var til stades på feiringa. Helge vart etter kvart leiar sjølv, og då han slutta i 1973 overlot han barnelagsposen til Solfrid Skogstad, som har hatt han sidan. I mellomtida var det rett nok fleire som hadde eit år eller to i leiinga av barnelaget, men Solfrid er den som, utan samanlikning, har dreve laget lengst.

I 2017 vart ho heidra med «Bustenskjolds ærespris» på Etnedalsdagane. Den prisen kan gjevast til personar som har gjort ein særleg innsats som fortener ei påskjøning. 45 år i barnelagsteneste må vel retteleg seiest å vere ein særleg innsats. Og gjennom åra har ho hatt med seg gode hjelparar, Sigurd (Skogstad) har stilt opp, Vebjørn Bachér, Astrid Tollehaug, Eldbjørg Bergsbakken og Ingebjørg Storsveen. Dei to sistnemde er framleis der.

Ungane i juniorgjengen var sjølvsagt sentrale aktørar på festen. Dei sang, og sorga for fordeling av ei stor mengde gevinstar, etter sal av loddbooker og årer. Sjølv «rosinane i pølsa» var skinnfell frå Tollehaugen og eit stort lappeteppesom Solfrid sjølv hadde laga. Og så spretta dei jubileumskaka etter at bursdagssangen var sunge.

Juniorgjengen startar opp att onsdag 19. september kl. 17 (på Bergsbakken).



Solfrid og Sigurd Skogstad saman med Kari Helene Haugen, som er med Juniorgjengen på møta ein gong i månaden. Ho har evne til å uttrykke seg levande og engasjert, noko vi også fekk oppleve på festen då ho tala om Jesus og hendingane i pinsa.



Juniorgjengen gleda oss alle med sang



Solfrid Skogstad med sine gode hjelparar Ingebjørg Storsveen og Eldbjørg Bergsbakken.



Jubileumskaka kom på bordet ei stund etter at rummegrauten og pølsene var fortært



Åresalet gjekk friskt unna, Anne Gerd og Einar Asbjørnsen (foran) ventar på trekkinga saman med Marit Lund, Aslaug Fauske og Inger Olaug Tollehaug.

Konfirmantane 2018

Bruflat kyrkje 3. juni

Mia Kristin Bassett
Sina Syversen Byfuglien
Alexander Garli
Atle Gunbjørnsen
Shelby Henriksen
Mari Sirhaug
Tiril Fjeld Skjelfjord
Emil Klevgård Slåttsveen
Hedda Solbrekken
Niklas Storengen
Linda Brukås Wold

Dåpshøgtider



Marvin Kolstad Byfuglien vart døypt i Bruflat kyrkje 11. mars 2018. Mor, Hilde Hestås Kolstad saman med dåpsbarnet og far, Lars Thon Byfuglien saman med storesøster Runa. Fadrar var: Jens Johannes Kolstad, Camilla Nygård, Tom Jonas Bøe og Maria Olsdotter Thon Steinset.

Eiril Holte Breien vart døypt same dag, 11. mars. Her er dåpsbarnet saman med storebrørne Herman og Alfred, foreldra Inger Toril og Fredrik Holte Breien og fadrane Even Martin Holte, Simen Holte og Marion Godager Tvetter.



Slekters gang

DØYPTE



Bruflat kyrkje

Eiril Holte Breien 11. mars
Marvin Kolstad Byfuglien 11. mars
Alexander Bergene 20. mai (1. pinsedag)

DØDE



Nord-Etnedal sokn

Oddvin Sæther
Margit Lundmoen

Bruflat sokn

Ingrid Bergit Brateng
Gustav Myrheim
Rita Stenersen
Ragnhild Espelien
Birger Arnold Larsen
Engebret Strande
Gudveig Flatmark
Kjell Odd Lybeck
Tordis Huset

Vær aldri redd for tvilen.
Alle som tenker, tviler.
Det er en nøkkel til å forstå.
Det er selve katalysatoren
til forandring og vekst.
Pam Brown

VEL MØTT TIL GUDSTENESTE



10. juni – 3. søndag i treeinighetstida

Preiketekt: Joh. 1, 35-51
Kl. 15.00 Nord-Etnedal kyrkje.
Blomstergudsteneste.
Takkoffer til Frelsesarmeen.

17. juli – Inga gudsteneste

24. juni – 5. søndag i treeinighetstida

Preiketekt: Matt. 7, 21-29
Kl. 11.00 Fjellsbygda grendehus.
Takkoffer til Stefanusstiftelsen.

1. Juli - Aposteldagen

Preiketekt: Matt. 16, 13-20
Kl. 11.00 Etnedal Samfunnshus.
Bruflat sangkor deltek.
Gudsteneste i samband
med Etnedalsdagane 2018

8. Jul - 7. søndag i treeinighetstida

Preiketekt: Luk. 19, 1-10
Kl. 11.00 Bruflat kyrkje.
Nattverd.
70-årskonfirmantjubileum
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

15. Juli - Inga gudsteneste

22. Juli – 9. søndag i treeinighetstida

Preiketekt: Joh. 8, 2-11
Kl. 12.00 Kyrkjlesletta, Dalen,
saman med Nord-Aurdal

29. Juli - Inga gudsteneste

5. august – 11. søndag i treeinighetstida

Preiketekt: Mark. 2, 23-28
Kl. 19.00 Bruflat kyrkje.
Gudsteneste ved Per Arne Faye.
Nattverd.
Takkoffer til Laget, Norges kristne
student- og skoleungdomslag.

12. august – 12. søndag i treeinighetstida

Preiketekt: Luk. 8, 1-3
Kl. 16.00 Grendegudsteneste på
Solbjør hos Tutta Solberg.
Nattverd.
Takkoffer til Bjørktun.

19. august – 13. søndag i treeinighetstida

Preiketekt: Luk. 12, 41-48
Kl. 11.00 Kyrkjlesletta, Dalen.
Gudsteneste saman med
Brøttum menighet
I tilfelle regn, blir gudstenesta
i Bruflat kyrkje.

26. august – Inga gudsteneste

2. september – 15. søndag i treeinighetstida

Preiketekt: Luk. 10, 38-42
Kl. 11.00 Bruflat kyrkje.
Normisjonsdag.
Nattverd.
Ann Helen Aaslund
50-års-konfirmantjubileum.
Takkoffer til Normisjon

9. september – 16. søndag i treeinighetstida

Preiketekt: 1. Pet. 4, 12-19
Kl. 11.00 Bruflat kyrkje.
Nattverd.
Utdeling av 4- og 6-års bok.
Skattejakt.
Takkoffer til IKO

16. september – 17. søndag i treeinighetstida

Preiketekt: Luk. 7, 11-17
Kl. 11.00 Kyrkjlesletta, Dalen.
Pilegrimsvandring,
dei nye konfirmantane deltek.
Kl. 15.00 N. Etnedal kyrkje.
Gudsteneste ved
prost Carl Philip Weisser.
Utdeling av 4- og 6-årsbok
Takkoffer til IKO.

Med atterhald om evt. endringar.
Gudstenestene blir kunngjort i avisa Valdres.



Maleri av Turid Fossen Nysveen : «Døpefont»
Foto: Marit Slettum